

## **Høyringsinnspel: høyring om det offentlege grunnskuletilbodet i Lesja kommune**

Spørsmålet om nedlegging av den offentlege skulen på Lesjaskog kjem som ein direkte konsekvens av at Lesja kommune tidlegare har fløtt ungdomsskulen til Lesja. Å legge ned ein offentleg skule er ikkje ønskeleg i utgangspunktet, men for å kunne etablere Fjellnær friskule som vår nærskule er det nødvendig å leggje ned den offentlege skulen. Det er risiko forbundet med å drive ein friskule også, men dette er på nåverande tidspunkt faktisk eit betre alternativ for oss. Som innbyggjarar i Lesja kommune ynskjer vi eit stabilt og trygt skuletilbud for ungane våre.

Lesja kommune må fyrst og fremst kome med ein pris på bygget som Fjellnær Friskule kan akseptere, før den offentlege skulen på Lesjaskog blir nedlagt. Viss dette blir gjort i anna rekkjefølgje må ein likevel sikre at Lesja kommune kan drive den offentlege skulen på Lesjaskog vidare frå hausten. Lesja kommune kan ikkje setja eigne innbyggjarar i ein situasjon der dei ikkje har ein skule å gå på, på grunn av rekkjefølgje i saksgangen. Lesja kommune har argumentert sterkt for at dei ynskjer å kvitte seg med offentlege bygg på grunn av for store driftskostnader. Nå har kommuna ein god moglegheit til å overlevere bygget til Fjellnær friskule, og dermed kvitte seg med driftskostnader.

Ungdomsskulen har nå vore drive som ein skule på Lesja i over sju månader. Det må vere nyttig både for kommunepolitikere og innbyggjarar at administrasjonen legg fram tal for korleis samanslåinga har gjeve seg utslag i kostnadsbesparelser i løpet av desse månadene.

Vi ser positivt på ei etablering av Fjellnær friskule som vår nærskule. Det er mykje engasjement og positivitet blant innbyggjarane i Lesja vest. Vi ynskjer ei levande kommune, eit levande næringsliv som vi har mykje av i vår del av kommuna, engasjerte innbyggjarar, unge menneske som ynskjer å flytte attende til bygda, og nye innbyggjarar som ser på Lesja som ein attraktiv plass å busetje seg. Eg håpar at politikarar ser samanheng mellom kommuna sitt ønske om å satse på Bjorli som destinasjon og at det da også må vera eit levande lokalsamfunn, som innebær ein nærskule.

Vi håper at Lesja kommune vil ta vare på alle sine innbyggjarar på en god måte. Lesja kommune har mange plikter overfor sine innbyggjarar, uavhengig av om dei går på ein privat eller offentleg skule.

Vi ynskjer etableringa av Fjellnær friskule velkome.

Mvh Marianne Motterud og Pål Vadet